



KEIPANE KYSTLAG  
Sæbøvågen 71  
5938 SÆBØVÅGEN

Dato: 19.05.2017  
Vår ref.: 2016/35219-48  
Saksbehandlar: eirkniv  
Dykkar ref.:

Att. Elin Madell

## Tilsegn på søknad om tilskot til friluftslivsføremål (kap. 1420 post 78) 2017 - Keipane Kystlag - Aktivt sjøliv

Det vert vist til dykkar søknad på den statlege ordninga om tilskot til friluftslivsføremål (kap. 1420 post 78). Søknaden vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling, i møte 26.04.2017. **De er tildelt kr 14.000,- til Aktivt sjøliv.**

Individuell grunngjeving: Bidraget går på den auka prioriteringa med fokus på aktivitetar til vanns. Dette er tiltenkt å gjerast i eit godt samspel med kystkultur og ulike kulturar innan kystfriluftsliv. Kan berre få 50% av total kostnad.

Vedlagt ligg ytterlegare informasjon om fordeling av midlar samt søknadsvurdering.

### Grunngjeving

Miljø- og klimadepartementet har for 2017 fordelt kr 26 mill. til fylkeskommunane til tilskot til friluftsføremål, kap. 1420, post 78. Hordaland fylkeskommune er tildelt kr 2.050.000 til vidare fordeling. Det var 50 søknadar med ein samla søknadssum på kr 3.046 001, og tiltak i 25 kommunar.

Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot kriteria og retningslinjene Miljø- og klimadepartementet har sett for ordninga. Friluftstiltak som stimulerer til direkte friluftsliv er prioritert, som til dømes organiserte turar, friluftslivstiltak, praktiske kurs og anna opplæring i friluftslivaktivitetar. Delar av tilskotet kan nyttast til innkjøp av enkelt utstyr og materiell som medverkar til å fremje friluftslivaktivitetane. Vurderinga er og sett i samanheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar knytt til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Den totale søknadssummen er større enn tilgjengelege midlar til fordeling.

### Føresetnader for tilsegnet

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med søknaden. Føremål og innhald samt kostnads og finansieringsplan skal gjennomførast slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilsegnsmottakar skal gjennomføra rapportering, levera rekneskap samt medverka til kontroll som nemnt under.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet, gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>. Om føresetnadene ikkje vert oppfylte, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta eller falla bort.

**Rapportering**

Sluttrapport skal leverast gjennom Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter ([elektronisk søknadssenter](#)) innan 15. januar 2018.

**Kontroll**

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar - etter førespurnad - å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei dokument og opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

**Brot på vilkår og føresetnader**

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane betalast attende. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden eller andre føresetnader for vedtaket eller krava til rapportering/kontroll ikkje vert oppfylt kan vedtaket om tildeling verte gjort om med krav om heil eller delvis tilbakebetaling.

**Klage/partsinnsyn**

Det er klagerett på vedtak om midlar til friluftslivsaktivitet, då desse er enkeltvedtak jf. forvaltningsloven. Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

**Utbetaling - krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.**

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura i EHF – format til Hordaland fylkeskommune

- Elektronisk fakturaadresse: **9908:938626367**
- Aksesspunkt: Visma

Saksnummer: 2016/ 35219-48

Ressursnummer: 12564

Beløp: kr 14.000

Tilskotet blir utbetalt så snart Hordaland fylkeskommune får overført tildelte midlar frå Miljødirektoratet. De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Har de spørsmål kan de kontakta rådgjevar Eirik Knive e-post [eirik.knive@hfk.no](mailto:eirik.knive@hfk.no) eller telefon 55 23 91 66

Lukke til vidare med dykkar arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland!

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
fylkesidrettssjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*